



Åshild Annie Engen

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/2593 - 18/24654

Saksbehandlar:
Kathrine Straumøy Brakstad
kathrine.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
22.11.2018

Auke i frikjøpressurs for hovudverneombod

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Kathrine Straumøy Brakstad
personalkonsulent

Andre mottakarar:

Magne Lædre, Åshild Annie Engen

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 401, FE - 223	18/2593

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
24/2018	Arbeidsmiljøutvalet	PS	21.11.2018

Auke i frikjøpressurs for hovudverneombod

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I samsvar med arbeidsmiljølova § 6-1 nr 3 skal verksemder med meir enn eitt verneombod ha minst eitt hovudverneombod (HVO). Ansvaret til HVO skal vere å samordne verksemda til verneomboda. I tillegg er det i Meland kommune sitt internkontrollsystem slått fast at HVO skal:

- Delta ved inspeksjonar frå tilsynsmynde
- Delta ved IK-systemrevisjon
- Ha same tilgang til informasjon som rådmann med omsyn til arbeidsmiljø, brannvern, forureining m.m.

HVO er også medlem i AMU, med vara for HVO som personleg varamedlem. HVO vert vald blant dei valde verneomboda, for ein periode på 2 år.

Etter eit tilsynsbesøk frå Arbeidstilsynet i 2012 vart det bestemt at kommunen måtte ha ein konkret frikjøpsressurs for HVO. Det vart då semje mellom arbeidsgjevar og dåverande HVO om å fastsetje frikjøpsressursen til 15% stilling. HVO kunne i tillegg bruke noko meir tid når situasjonen krov det.

Vurdering

Den konkrete frikjøpsressursen, som framleis er 15%, har stått stille i mange år, samstundes som kompleksiteten og oppgåvemengda har auka. HVO har m.a. vore sentral inn mot kommunen sitt IA-

arbeid, nærværarbeid og ulike arbeidsmiljøprosjekt, som t.d. KUTT.

Når det gjeld overgangen til Alver kommune og arbeidet med å etablere HMT-organisasjon og verneteneste i Alver, så er dette arbeidet ikkje kome i gang enno. Det vil truleg kome opp som tema i løpet av 2019, etterkvart som dei ulike organisasjonsprosjekta fell på plass. Det kan då vere formålstenleg at HVO i Meland er budd på at deltaking i ulike Alver-prosessar kan representere meirarbeid, og at eit auka frikjøp i 2019 kan understøtte dette arbeidet. Det er p.t. ikkje klarlagt om HVO i dei 3 kommunane vil få eit større frikjøp under samanslåingsprosessen, slik dei største arbeidstakarorganisasjonane har fått. Dette må ein i så fall komme tilbake til.

Konklusjon

I denne runden ønskjer rådmannen å leggje opp til at HVO f.o.m. 01.01.19 aukar opp frikjøpet sitt til 30% stilling. Denne stillingsauken er førebels ikkje tatt inn i budsjettet for rådmannskontoret, men dette vil bli ordna når budsjettet er endeleg vedteke. Med bakgrunn i naturleg avgang i løpet av 2019, vil meirkostnaden, som utgjer totalt ca kr 106 000, løysast innan vedteken budsjetttramme for stabsområdet.

Folkehelse: Ikkje aktuelt i saka.

Miljø: Ikkje aktuelt i saka

Økonomi: Det er gjort greie for dei økonomisk sidene av saka under vurderingsdelen.

Framlegg til vedtak:

«Arbeidsmiljøutvalet i Meland fastset frikjøp for hovedverneombod til 30% stilling. Ny frikjøpsressurs vert sett i verk frå.01.01.19.»

Arbeidsmiljøutvalet - 24/2018

AMU - behandling:

AMU - vedtak:

«Arbeidsmiljøutvalet i Meland fastset frikjøp for hovedverneombod til 30% stilling. Ny frikjøpsressurs vert sett i verk frå.01.01.19.»

